



Utv. saksnr.	Utval	Møtedato
101/2024	Kommunestyret	12.12.2024

Godkjenning av kommunal planstrategi for Vågå kommune 2024-2028 og fastsetting av planprogram for revidering av kommuneplanens samfunnsdel 2017-2027

Saksframlegg:

Kommunestyret slutta seg i møte 24. oktober 2024, sak 73/2024, til at forslag til kommunal planstrategi for perioden 2024 – 2028 og forslag til planprogram for revidering av kommuneplanens samfunnsdel 2017-2027 vart lagt ut til høyring i 6 veker. Saka har vore ute til høyring med høyringsfrist 5. desember 2024. NVE, Direktoratet for mineralforvaltning, Mattilsynet, Tredindustriens landsforeining, Innlandet fylkeskommune, naturvernforbundet og Statsforvalteren i Innlandet har kome med uttale til forslag til planstrategi. Høyringsuttalane er sitert nedanfor.

NVE

Planstrategi

"Kommunen skal etter plan- og bygningslova utarbeide ein kommunal planstrategi minst ein gong kvar valperiode og er eit verktøy for strategiske prioriteringar. I planstrategien bør kommunen ta stilling til kva for nokre gjeldande arealplanar som bør reviderast ut frå omsynet til samfunnstryggleik. Kunnskap om nye risiko- og tryggleiksforhold, eller andre forhold som det tidlegare ikkje har vore tilstrekkeleg kunnskap om, kan gi behov for å revidere planar. Særleg vil slik kunnskap kunne tilførast ved utarbeidning og oppdatering av heilskapleg ROS-analyse, jf. sivilbeskyttelsesloven og tilhøyrande forskrift om kommunal beredskapsplikt. Etter forskrift om kommunal beredskapsplikt § 3 bokstav b) har kommunen plikt til å vurdere om forhold som er avdekt i heilskapleg ROS-analyse bør integrerast i planar og prosessar etter plan- og bygningslova, jf. pbl. § 4-3 jf. rundskriv H-5/18 Samfunnstryggleik i planlegging og byggjesaksbehandling, kapittel 2.6. 3

NVE sine faglege råd er at kommunen gjennom arbeidet med planstrategien identifiserer kva for nokre tidlegare vedtekne arealplanar som med dagens kunnskap om klimaendringar, naturfare og vassdragsmiljø ikkje ville vorte godkjent for vidare utbygging, jf. pbl. § 28-1. Kommunen skal gjennom planstrategien ta stilling til om desse tidlegare vedtekne arealplanane skal opphevast eller endrast, jf. Statlege planretningslinje for klimatilpassing, kap.4.3. Vi viser også til utgreiing Grunnlag for rettleiar om revisjon av kommunale arealplanar som kan danna grunnlag for dette arbeidet. Ein slik planvask bør gjerast for heile kommunen.

Kommuneplanens samfunnsdel

I kommuneplanens samfunnsdel skal kommunen kartlegge langsiktige utfordringar knytt til samfunnstryggleik, og fastlegge mål og strategiar for arbeidet i kommunen med samfunnstryggleik jf. § 11-2. Arealstrategien i samfunnsdelen vil vera ein viktig premiss for gjennomføring av arealdelen og samfunnstryggleik i sin heilskap. Frå arealstrategien bør det gå fram at framtidige utbyggingsområde ikkje plasserast i område utsett for naturfare. Klimaendringane gjer det viktigare enn nokon gong å sikre ei heilskapleg forvaltning av nedbørstfelt. Ifølgje pbl. § 3-1 bokstav g og i er tilpassing til forventa klimaendringar og ei heilskapleg forvaltning av krinsløpet til vatnet ei planoppgåve. Den heilskaplege forståinga av krinsløpet til vatnet og korleis dette blir påverka av tiltak, er avgjeraende for å få til ei trygg samfunnsmessig utvikling. Det er laga klimaprofiler for alle fylka i landet. Klimaprofil for gamle Oppland fylke gir eit kortfatta samandrag av klima, forventa klimaendringar og klimautfordringar for Vågå kommune. Vassdraga, både små og store, er viktige levestader for mange av våre plante- og dyreartar. Det same er sona mellom vatn og land som består av leveområde som varierer frå det våte til det tørre. Denne variasjonen i habitat gjer at denne sona har eit særleg høgt artsmangfald. I tillegg fungerer vassdraga med kantsoner som ein vandringskorridor i område der menneskelege inngrep elles har delt opp dei naturlege leveområda til artane. Inngrep i og langs vassdrag kan innebera uopprettelege tap av habitat og svekking av dyre- og planteliv, økosystem, landskapsverdiar med meir. NVE oppmodar difor Vågå kommune også til å gjennomføra ein planvask mot viktige naturverdiar.

NVE sine faglege råd er at klimaendringar og naturfare blir vigg ekstra merksemd også i arbeidet med kommuneplanens samfunnsdel. Arealstrategien i samfunnsdelen må sikre at det setjast av nok areal til å handtere naturfare. God arealplanlegging er peika på som det viktigaste verkemiddelet for å førebyggje skadar frå flaum, skred, erosjon og overvatn. Igangverande klimaendringar vil auke risikoene for desse faretypane. Vi erfarer at det ofte er ei utfordring å setje av store nok og samanhengande areal til å sikre avrenninga til overvatnet på overflata i intense nedbørshendingar, kapasitetsbehovet til vassdraga i flaum, erosjonsutsette areal, skredutsette areal og nødvendige areal for mildnande tiltak (sikringstiltak). Spesielt må dette vera tema i nye utbyggingsområde og i fortettings- og transformasjonsprosjekt. NVEs rettleiar 2/2017 Nasjonale og vesentlege regionale interesser innan NVEs saksområde i arealplanlegging beskriv korleis våre forvaltningsområde skal varetakast. I Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023–2027 (regjeringa.no) er det fleire forventningar også knytt til klima og energi. Mellom anna skal kommunane leggja til rette for meir fornybar energiproduksjon, særleg i område med kraftkrevjande næringsutvikling. Det er viktig å sikre god balanse mellom meir fornybar energi og miljøomsyn (forventning nr. 32). Tilgang på kraft og tilhøyrande infrastruktur er ein premiss for planarbeid knytt til etablering av nye næringsareal.

NVE sine faglege råd er at kommunen gjennom kommuneplanens samfunnsdel fastset kva arealstrategi det skal leggja til rette for: • Ny fornybar kraftproduksjon. • Samlokalisering av verksemd med overskotsvarme med aktivitet som har behov for varme. • Effektiv energibruk i bygningar og andre sektorar. NVE kan bidra til konkret rettleiing i dette arbeidet dersom ønskjeleg."

Kommentar

Kommunedirektøren tek innspelt til etterretning. Klima, beredskap og samfunnstryggleik er eit hovudfokus som det må arbeidast meir med i samband med revidering av kommuneplanens samfunnsdel.

Mattilsynet

"I planstrategien viser dere til Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging. Dokumentet oppsummerer trekk i samfunnsutviklingen og fremhever regjeringens prioriteringer for hvordan aktuelle utfordringer på ulike områder kan møtes gjennom regional og kommunal samfunns- og arealplanlegging. En av hovedutfordringene Norge står ovenfor er samfunnssikkerhet og beredskap. Vi viser til at drikkevannsforsyning er utpekt av Justis- og beredskapsdepartementet som kritisk infrastruktur, og videre oppgir Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap at vannforsyningen må ha beredskap for å sikre forsyning av et minimums kvantum drikkevann uansett hvilke hendelser som måtte inntrefte. I plandokumentene står det at kommuneplanens samfunnsdel og arealdel er fra 2017, det er behov for en mindre revidering av samfunnsdelen. Kommuneplanens arealdel skal revideres 2026-2028. Kommuneplanens arealdel og samfunnsdel henger sammen. Arealdelen skal bygge på samfunnsdelen og følge opp mål og strategier som er vedtatt der. Denne koplingen er viktig for å sikre den langsiktige arealpolitikken blir sett i sammenheng med utviklingen på andre områder i samfunnet. Vannforsyninger er kritisk infrastruktur og må omtales i kommuneplanens samfunnsdel og arealdel. Dere har en hovedplan for vann, avløp og vannmiljø, denne er planlagt at skal revideres i 2026-2027. Vi ser at det er avgjørende for kommunenes oversikt, at det foreligger oppdaterte helhetlige vann- og avløpsplaner som dekker hele kommunen, inkludert de private vannforsyningene. Kommuneplanens samfunnsdel bør inneholde målsetninger om følgende:

- Sikre drikkevannshensynet gjennom arealplanlegging
- Helhetlig plan for drikkevannsforsyning, avløps- og overvannshåndtering (VAO-hovedplan)
- Tilknytte eventuelle flere abonnenter til fellesanlegget
- Forebygge klimaendringenes påvirkning på vann og avløp
- Fornye tilfredsstillende ledningsnett
- Redusere lekkasje på ledningsnettet
- Ha tilfredsstillende reservevannforsyning / god leveringssikkerhet
- Redusere sårbarheten i forhold til hendelser mot drikkevannsanlegg
- Få beredskap i vannforsyningen inn som en del av overordnet beredskapsplan for kommunen

Vi ber om å bli orientert i den videre planprosessen. "

Kommentar

Kommunedirektøren tek innspelt til etterretning. Heilskapleg planlegging av drikkevassforsyning, beredskapsplanlegging og målretta arbeid om å knyte fleire abonnenter til fellesanlegg er viktige prinsipp som kommunen jobbar etter i dag og som det må vere auka fokus på ved revisjon av kommuneplanens samfunnsdel.

Treindustriens landsforening

Treindustrien er bransjeorganisasjon for norske produsenter av byggematerialer i tre, slik som konstruksjonsvirke, panel, kledning, terrassebord, limtre og elementer. Virksomhetene i Treindustrien er hjørnestensbedrifter i mange lokalsamfunn, og spiller en nøkkelrolle i den skog- og trebaserte verdikjeden. Her brukes fornybart norsk tømmer som råstoff i mange sammensatte produksjonslinjer, som i sin tur leverer bærekraftige og innovative løsninger til byggeprosjekt i hele Norge.

Sidestrømmer fra treindustrien går til andre sektorer som prosess- og treforedlingsindustrien, men også til energiformål som bioenergi og fjernvarme. Vågå har et viktig ansvar som planmyndighet, og gode beslutninger i planprosessen forutsetter et bredt og solid kunnskapsgrunnlag. Dette er spesielt viktig når nasjonale klima- og naturmål skal omsettes til håndfaste tiltak lokalt. Langmorkje Almenning sitt sagbruk i Randsverk produserer kledning, listverk, gulvbord og annen trelast av lokal furu. Produksjonen sørger for aktivitet og verdiskaping i lokalsamfunnet. Med dette som utgangspunkt ønsker vi å spille inn følgende momenter til kommuneplanarbeidet:

- **Avskoging til utbyggingsformål må unngås.** Statlige planretningslinjer forteller at «fortetting og transformasjon skal vurderes og bør utnyttes». Videreutvikling, rehabilitering og påbygg av eksisterende bygningsmasse er en naturlig og nødvendig del av en planprosess som tar hensyn til klima og natur.
- **Gode skoler, barnehager og sykehjem er helt nødvendig i et bærekraftig lokalsamfunn,** og dette bør prioriteres også i stramme budsjetter. Manglende kapasitet begrenser nødvendig boligbygging, og gir også uforutsigbarhet som er til hinder for næringsutvikling.
- **Skogbruksfaglig kompetanse bør involveres, også fra næringen.** Skogforvaltning, stedsutvikling, og miljøtiltak henger sammen, og de beste løsningene forutsetter et bredt og solid kunnskapsgrunnlag. Se eget avsnitt om tilstanden i norsk skog og bærekraftig skogforvaltning.

Bærekraftig skogforvaltning

Den økologiske tilstanden i norske skoger har vist en tydelig forbedring de siste årene. I Norsk handlingsplan for naturmangfold har Landbruksdirektoratet vurdert 13 ulike indikatorer, slik som forekomst av biologisk gammel skog, død ved og sjiktning. Syv av indikatorene har hatt en positiv utvikling, og det antas at den gode utviklingen vil fortsette (punkt 5.3.1). Dette er resultatet av strengere miljøkrav i skogbruket der de internasjonalt anerkjente sertifiseringsordningene PEFC og FSC har spilt en viktig rolle.

Bedriftene i Treindustrien benytter trevirke som er miljøsertifisert gjennom PEFC og FSC. Det innebærer at skogen forvaltes i henhold til PEFC Norsk Skogstandard eller FSC Standard for skogbruk i Norge, og at hensyn til naturmangfold og friluftsliv ivaretas basert på gjeldende føringer i Norsk handlingsplan for naturmangfold og Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging.

Skogbruksfaglig kompetanse bør involveres i planprosessen, slik at lokale mål og tiltak i revidert kommuneplan er i tråd med statlige og regionale krav. Avgrensningene mellom plan- og bygningsloven, skogbrukslova og sertifiseringsordningene må håndteres godt, da disse bestemmer hvilke virkemidler i kommuneplanen som kan og bør brukes til ulike formål. Næringen ønsker å spille på lag med kommunen, og vi erfarer at de beste tiltakene er de som bygger på et bredt og solid kunnskapsgrunnlag.

God by- og stedsutvikling

Kommunen setter rammen for samfunnsutvikling i lokalsamfunnet, og opptrer i flere viktige roller. Planmyndigheten bestemmer hvilke områder som er åpne for videreutvikling, fortetting og transformasjon, ombygg og nybygg. Som byggeier og bestiller kan kommunen være ambisiøs og framtidsrettet pådriver for nytenkende byggeprosjekter som ivaretar klima og natur. Krav til PEFC- eller FSC-sertifisert trevirke er en naturlig del av dette, slik at byggematerialer hentes fra bærekraftig forvaltet skog. Direktoratet for byggkvalitet understreker viktigheten av ombygg for å skaffe flere boliger. Direktør Per-Arne Horne forteller at "kommunene [kan] gi unntak fra byggtekniske krav ved tiltak på eksisterende bygg" takket være endring i plan- og bygningsloven i 2023. "Det avgjørende vil være om tiltaket forbedrer byggverket, [...] særlig sikkerhetsnivået". Kommuneplanen bør åpne for å justere begrensninger i eksisterende reguleringsplaner for å dra nytte av dette. Påbygg i høyden kan gi flere boliger raskt, og er både areal- og ressurseffektivt. Tiltaket kan også gi et økonomisk bidrag til

andre tiltak som gir økt energieffektivitet (ny fasade) og sikrer universell utforming (heis). Dette lar flere leve gode liv i egne hjem, lavt nede på omsorgstrappa. Videreutvikling, rehabilitering og gjenbruk av eksisterende bygningsmasse er ofte mer hensiktsmessig enn nybygg og materialgjenvinning. Videre bør det settes klare mål for nødvendig boligbygging på en måte som samtidig ivaretar klima og natur. Jordvernet bør styrkes, slik at skogareal ikke blir omregulert til jordbruk som erstatning for tapt matjord.

Kommentar

Kommunedirektøren tek innspelt til etterretning.

Direktoratet for mineralforvaltning

I nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027 står det at regional og kommunal planlegging er viktige verktøy for å sikre at verdifulle mineralførekommstar, som kan gi framtidig verdiskaping, ikke blir bygde ned. Kommunal planlegging er avgjerande for å sikre dei langsiktige arealbehova for mineralnæringa.

Regjeringa forventar blant anna at:

- *Viktige mineralførekommstar blir sikra i regionale og kommunale planar, og utvinning blir vege mot miljøomsyn og andre samfunnsinteresser.*
- *Heilskapleg masseforvalting blir avklart i regionale og kommunale planar. Planar for større byggje- og anleggsarbeid avklarar korleis overskotsmassar skal disponerast og korleis nødvendig areal til handteringa skal sikrast. Moglegheita for ombruk og materialgjenvinning blir vurdert, og ein bør prøve å oppnå massebalanse.*

Planstrategi

I arbeidet med planstrategien bør det gjerast ei vurdering av om eksisterande plangrunnlag i tilstrekkeleg grad bidreg til å sikre god og langsiktig forvalting av kommunen sine mineralressursar.

Gjeldande arealdel til kommuneplanen vart vedteke i 2017. Planstrategien legg opp til oppstart av arbeid med revidering av arealdelen i 2026. Kommunen skriv i vurderinga av arealdel at areala er under press og det er mange verdiar og ressursar som må takast vare på. Arealdelen er eit viktig verktøy for å synleggjere viktige mineralressursar og mineraluttak i tråd med nasjonale mål og forventningar. Arbeidet med arealdelen gir òg ei god moglegheit for å gjere ei overordna vurdering av om kommunen har tilgang på naudsynte byggeråstoff for å realisere planlagt utbygging.

Ved større utbyggingsprosjekt er det viktig at mineralske massar av god kvalitet blir vunne att som byggeråstoff framfor å deponerast permanent. Auka bruk av overskotsmassar kan redusere behovet for å opne nye masseuttak, forlenge varigheita av tilgangen til grus- og pukkførekommstar og redusere behovet for massetransport. Ei heilskapleg vurdering av massehandtering i plansamanheng kan vere eit nyttig verkemiddel for å avklare moglegheiter og rammar for ein meir sirkulær bruk av mineralressursar, til dømes gjennom ein temaplan for masseforvaltning.

Samfunnssdelen

DMF tilrar at temaet mineralressursar blir tatt med ved rullering av samfunnssdelen, slik at det blir lagt overordna føringar for mineralske ressursar og mineralverksemد før revisjon av kommuneplanen sin arealdel. Kommunen bør i samfunnssdelen gjere greie for tilgangen til byggeråstoff og korleis mineralressursane skal forvaltas lokalt.

DMF utarbeider årleg statistikk for byggeråstoff i kommunane som kan nyttast i dette arbeidet. Vågå kommune har ifølge DMF sin levetidsanalyse av byggeråstoff i Norge og DMF sin ressursrekneskap for

byggeråstoff ei estimert gjenståande levetid på 0 år for sine uttak av knust fjell (pukk) og over 50 år for sand og grus. Statistikken er basert på driftsrapportering fra registrerte masseuttak og inkluderer ikke overskotsmassar frå bygg- og anleggsverksemd.

For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på www.dirmin.no. Her finn du også vår digitale kartløysning, som er eit nyttig verktøy for oppdatert informasjon om mineraluttak, bergrettar m.m., supplert med relevante kartdata frå andre etatar

Kommentar

Kommunedirektøren tek innspel til etterretning. Det vil vere viktig å følgje opp dette ved revisjon av kommuneplanens arealdel.

Innlandet fylkeskommune

"Planstrategien gir god oversikt over utviklingstrekka i kommunen, og kva planar kommunen har behov for framover. Det er bestemt at kommuneplanen sin samfunnsdel skal reviderast og planprogram for dette er og på høyring. Planstrategien og planprogrammet gir eit godt grunnlag for vidare arbeidet med revisjon av kommuneplanen sin samfunnsdel. Ein god arealstrategi i samfunnsdelen er viktig som verktøy for vidare planlegging, og denne vil leggje grunnlag for ei seinare revidering av kommuneplanens arealdel.

Klima, miljø og naturmangfald

Vågå kommune reviderte og vedtok i februar 2024 ny temaplan for klima, energi og miljø. Planen har eigen tiltaksdel med handlingsprogram som kommunen skal jobba vidare med. Kommunen vurderer planprosessen som ryddig og godt gjennomarbeidde, og vidare at det ikkje behovet for å gjera eit omfattande arbeid for å innarbeida plantema i ny samfunnsdelen. Unntaket er satsingsområde natur- og kulturmiljø og naturmangfald, som kommunen foreslår å innarbeida som hovudfokusområde i ny samfunnsdel. Fylkeskommunen støttar vurderinga og prioriteringane til kommunen. Det er svært positivt at Vågå kommune ønsker å ha ein ambisjon om å bli ein arealnøytral kommune. Vidare at det blir gitt føringar for revidering av kommuneplanens arealdel. Planvask på bakgrunn av ny kunnskap er blitt særleg aktuelt dei siste åra. Av temaplanar som utarbeidast er særleg plan for ferdselsårane ved friluftslivet viktig for villreinen. Vi vil i tillegg oppmode kommunen til å utarbeide målsetjingar for dei andre hjorteviltartane. Anten som ein egen temaplan eller eit kortare måldokument. Formålet med å utarbeide kommunale målsetjingar for forvaltning av hjortevilt er treddelt: - Følgje opp forskrift om forvaltning av hjortevilt § 3, som pålegg kommunen å vedta eigne kommunale målsetjingar for utviklinga av dei bestandane av elg, hjort og rådyr som kommunen har opna for jakt på. - Legge til rette for ei lokal og langsiktig forvaltning av viltressursane med omsyn til nærings- og rekreasjonsmessig utnytting, der ulemper for jord- og skogbruk og andre interesser blir haldne på eit akseptabelt nivå. - Sette mål som er retningsgivande for bestandsplanar som kvart enkelt vald eller bestandsplanområde skal utarbeide.

Vi saknar ein kort status på vassmiljø som bakgrunn for vurderingane i planstrategien. Vassmiljøomsynet er mellom anna viktig for strategiske val i framtidig arealbruk, landbruk, vatn og avløp. Denne kunnskapen finst i databasen Vann-nett og regionale planar for vassforvalting. Detaljert informasjon finst på: <https://vann-nett.no/portal/> Til orientering så starta fylkeskommunen i haust opp arbeidet med regionale føringar for vind- og solkraft, og det vil komme ein rettleiar knytt til behandling av saker som omfattar fornybar energi innan utgangen av året. Vi ser det som relevant og viktig at det blir sett sokelys på samfunnstryggleik og beredskap i planstrategien, og støtter kommunens prioritering av beredskapsarbeid framover. Dette er i tråd med regional plan for samfunnstryggleik.

Kulturarv

Fylkeskommunen kommenterte til Vågå si høyring av kommunal planstrategi for perioden 2020 – 2024 at Vågå kommune har svært mange av Innlandets viktigaste kulturmiljø, med svært mange freda bygningar, spor etter steinbruddsvirksomhet, det utvalde kulturlandskapet i Norherad, og kulturminne knytte til jakt, fangst og turisme i fjellområda. Planstrategien omfatter likevel ingen planer for korleis kommunen tenker å jobbe med dette som en ressurs. Kommunen har enda ingen plan for dette framover, slik det kjem fram av planprogrammet. Fylkeskommunen held fast på at kulturminne og kulturmiljø er ein viktig ressurs for en positiv og berekraftig utvikling av kommunen og lokalmiljøa, og håpar at arbeid med mellom anna ei oppfølging av kommunen sin kulturmiljø/kulturminneplan prioriterast.

I 2025 skal fylkeskommunen byrje arbeidet med å utarbeide ein beredskapsplan for sikring og beredskap av Innlandets kulturverdiar. Arbeidet er forankra i regional plan for samfunnstryggleik. Allereie er kommunen godt i gang med planar for flaumsikring i kommunen. Vidare vil me oppfordre kommunen til vidare arbeid med utvikling og synleggjering av kulturmiljø som skaper unike opplevelingar og positiv verknad på helse. Kulturminne og kulturmiljø kan bidra mykje til den sosiale dimensjonen i berekraftsmåla, og det er òg ein viktig ressurs i arbeidet med integrering og inkludering. FNs berekraftsmål 11, delmål 4, seier at ein skal styrka innsatsen for å verna om og sikre verdas kultur- og naturarv og gjera byar og busetjingar inkluderande og berekraftige. Det er positivt at kommunen trekker fram arbeidet med områdereguleringsplan som er venta vedteke i 2026. Det er positivt at 27 eldre reguleringsplanar innanfor Vågåmo blir oppdatert. Fylkeskommunen ynskjer å poengtere forholda til dei mange kulturmiljøa i Vågåmo. Vidare arbeid med revideringa må avklara verdiar og korleis dette handterast i vidare arbeid med mellom anna arkitektonisk tilpassing.

Idrett og friluftsliv

Kommunen skal ha en vedtatt kommunal plan som omfatter idrett og fysisk aktivitet. Kommunene må ha en kommunal plan for at det kan søkes om spillemidler til anlegg. Kan være plan etter PBL eller en temoplan.

Folkehelse

Folkehelseperspektivet er ivaretatt og synleggjort i planstrategien. Kommunen har ei folkehelseoversikt å vise til, som avsluttast med ein folkehelsestrategi med konkrete tiltak. Tiltaka er gode for å møte kommunens folkehelseutfordringar. Vurdering av utvikling over tid kan vere hensiktsmessig for å seie noko om kva slags retning utviklinga går. Fagleg vurdering av årsaksforhold og konsekvensar kunne vore utdjupa. Det er arbeidd mykje med stadutvikling, som er eit godt grep for å fremje gode og inkluderande lokalsamfunn – som er i tråd med måla i Regional plan for det inkluderande Innlandet. Vidare i arbeidet med samfunnssdelen blir det viktig med god forankring og forståing av folkehelseutfordringane og tilgjengelege verkemidlar i alle sektorar for å fremje god folkehelse og livskvalitet, og dermed styrke prinsippet om «helse i alt me gjer».

Kommentar

Vågå kommune vedtok kommunale mål og retningslinjer for hjorteviltforvaltinga i fjar som gjeld fram til 2028. Forskrift om forvaltning av hjortevilt § 3 er difor følgd opp. Kommunedirektøren har vurdert dette til å vere ein sektorplan som ikkje bør listast opp i planstrategien da planstrategien blir lang og uoversiktleg viss alle slike planar skal listast opp. Ein planstrategi kan heller ikkje liste opp status på alle moglege område da planen da vil bli unødvendig lang. Dersom det er ønskje om å sjå status for vassmiljø så er det berre å gå inn på databasen vann-nett. Vågå kommune har generelt god økologisk status når det gjeld vassmiljø med unntak av vassdrag som er sterkt modifiserte på grunn av kraftutbygging.

Når det gjeld innspelet om mangelfulle planar for kultur og kulturmiljø så er det riktig at kommunen ikkje har planar om å utarbeide slike planar i gjeldande fire års periode. Dette skuldast rett og slett prioritering og bruk av ressursar. Vågå kommune har som planstrategien skildra starta ein omstillingssprosess for å redusere kostandar. Da må planar og planoppgåver som ikkje er lovpålagte prioritert bort.

Naturvern forbundet

"Den globale naturavtalen inneholder flere mål og forplikter kommunene til en mer bærekraftig og arealnøytral arealplanlegging. Minst 30 prosent av land og hav på jorden skal bevares innen 2030, og 30 prosent skal restaureres. Naturavtalen krever innsats av alle som forvalter natur. Kommunene som arealmyndighet har et stort ansvar. Vi viser i tillegg til det pågående arbeidet i Klima- og miljødepartementet om forbud mot nedbygging av myr til utbyggingsformål.

Disse perspektivene oppfordrer vi Vågå kommune til å ta med i forbindelse med arbeidet med kommunal planstrategi for Vågå og planprogram for revidering av kommuneplanens samfunnsdel. Vi mener det derfor er positivt at plandokumentene i forbindelse med en gjennomgang av kommuneplanens arealdel ser det som aktuelt å sette i gang et arbeid med planvask av eksisterende kommunedelplan for å oppdatere hensynet til naturmangfold og klima. Viktig her er å fjerne planlagte arealtiltak som innebærer bygging i myr og andre karbonrike naturtyper eller fører til mer nedbygging av verdifull intakt natur.

Når det gjelder planprogram for revisjon av kommuneplanens samfunnsdel, er det bra at det er ønske om at det 6.satsingsområdet i Klima, miljø og energiplanen: "Natur- og kulturmiljø og naturmangfold" blir med som et hovedfokus i kommuneplanens samfunnsdel ved revideringa.

Vi ber også om at planarbeidet gjennomføres med utgangspunkt i arealnøytralitet, slik kommunen har ambisjoner om (ref. vedtatte Klima, energi – og miljøplan), gjennom å gjenbruke allerede utbygde arealer framfor å gjøre inngrep i mer natur, og dermed stanse arealforbruket. Arealnøytralitet handler om å være mer restriktive i arealplanleggingen for å unngå nye naturinngrep. Det skal ikke tas hull på nye områder uten å tilbakeføre et annet område, slik at summen blir null og vi stopper forbruket av natur. Vi ber i tillegg kommunen om å gjennomgå alle relevante kommunale planer med mål om å bidra til å ta vare på Vågånaturen.

Regjeringens nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging 2023–2027 gir også kommunene føringer for arealforvaltningen: «- Regionale og kommunale planer legger til rette for en bærekraftig utvikling i fjell og utmark. Utbyggingen avgrenses mot sammenhengende natur- og friluftslivsområder og viktige områder for landbruk, reindrift og andre næringer, blant annet gjennom langsiktige utbyggingsgrenser.

- Potensialet for fortetting eller utvidelse av eksisterende fritidsboligområder vurderes før det legges til rette for utbygging i nye områder, særlig der det er utbyggingspress. Ny fritidsbebyggelse i og over skoggrensen og på myr bør unngås.»

Vår forventning til det kommunale selvstyret om en mer ansvarlig arealforvaltning utfra den globale naturavtalen er stor. Minst 30 prosent av land og hav på jorden skal bevares innen 2030, og 30 prosent skal restaureres. Det er også et mål at all natur skal forvaltes bærekraftig. Bakteppet for avtalen er dramatisk:

- Det internasjonale naturpanelet rapporterte i 2019 at menneskelig aktivitet har medført omfattende endringer i 75 prosent av miljøet på land. Tapet av naturmangfold akselererer, og flere arter er truet av utryddelse nå enn på noe annet tidspunkt i menneskets historie, ifølge rapporten. Av anslagsvis åtte millioner arter på kloden i dag er én million truet av utryddelse.

- FNs klimapanel rapporterte i nylig at det er umulig å bremse global oppvarming uten at naturødeleggelsene stoppes. De uttalte at mellom 30 og 50 prosent av verdens landområder, innsjøer og hav må få en beskyttelse.

Vi viser også til norsk rødliste for arter fra 2021, som er en oversikt over arter som har risiko for å dø ut fra norsk natur. Denne viser at 2752 arter er truet av utryddelse. Arealendringer som rammer artene sine leveområder, er utvilsomt den viktigste trusselen for naturmangfoldet."

Kommentar

Kommunedirektøren tek innspel til etterretning. Det er mange omsyn som skal varetakast ved revisjon av kommuneplanens samfunnssdel og arealdel og omsynet til natur og naturavtalen er ein av dei. Slik kommunedirektøren ser det så er planvask ein naturleg del av dette revisjonsarbeidet.

Statsforvalteren i Innlandet

"Generelt

Vi vurderer at kunnskapsgrunnlaget for planstrategien og oppstarten av samfunnssdelrevideringa er godt, og at kommunen har gjort svært gode vurderinger om sitt framtidige planarbeid. Vi ser at evaluering av gjeldande planverk saman med mål om realisme i planlegginga, har gitt gode planprioriteringar.

Kunnskapsgrunnlag for planstrategi og samfunnssdel

Vi meiner at kunnskapsgrunnlaget til planstrategien i det store og heile er kortfatta og lett tilgjengeleg, med relevante utviklingstrekk og utfordringar.

Nedanfor gir vi innspel om nokre tema som bør kome tydelegare fram. Det er mogleg kunnskapen ligg i nyleg vedtekne planar og analysar som kommunen vil innarbeide i kommuneplanens samfunnssdel. Hovudtrekka bør likevel med i planstrategien og takast inn i planprogrammet for samfunnssdelen.

Det er positivt at det ligg ein nyleg oppdatert folkehelseoversikt til grunn for planstrategien og det vidare planarbeidet. Dette er i tråd med rettleiaren om kommunale planstrategiar som vi viser til innleiingsvis. Rettleiaren omhandlar og korleis det er venta at bustadsosial lov og heilsakapleg risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) blir følgd opp i planstrategi og kommuneplan. Vi oppmodar kommunen til å sjå nærmere på dette.

Kommunen legg stor vekt på samfunnstryggleik, det er bra. Vi saknar likevel ein kort omtale av den geopolitiske situasjonen og korleis den vil påverke arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap i kommunen og regionen. Kommunen har til dømes viktig infrastruktur innan sine grenser. Vi viser til Regional plan for samfunnstryggleik og FylkesROS for utdjuping.

Det er elles positivt at det ligg ein nyleg oppdatert plan for klima, energi og miljø til grunn for planstrategi- og samfunnssdelarbeidet. Som følgje av den auka merksemda rundt natur og naturtap, er «natur- og kulturmiljø og naturmangfold» tatt inn som eit nytt satsingsområde i planen.

Kommunen føreslår no å føye dette satsingsområdet til dei tidlegare satsingsområda i kommuneplanens samfunnsdel, i samband med revideringa av samfunnsdelen. Vi stør dette.

Andre tema frå kommunedelplan for klima, energi og miljø blir og innarbeidd i ny samfunnsdel. I denne samanhengen oppmodar vi kommunen til å sjå nærmere på temaet energi. Energiutvikling må sjåast i samanheng med både natur, næringsutvikling og samfunnstryggleik.

Planprioriteringar

Vi vurderer at kommunen har eit godt grep om planlegginga, der god framdrift i prioriterte planarbeid resulterer i eit oppdatert planverk. Vi meiner kommunen gjer svært gode vurderingar omkring vidare utvikling av plansystemet, basert på eit oppdatert kunnskapsgrunnlag, jamlege avgrensa revideringar og ikkje fleire planar enn naudsynt.

Kommuneplanens samfunnsdel med planprogram

Vi sluttar oss til planlagde avgrensa revidering, der satsingsområde som har fungert bra blir vidareført og oppdatert, og der eit nytt satsingsområde frå nyleg vedteken kommunedelplan for klima, energi og miljø blir innarbeidd.

Vi viser til innspela til kunnskapsgrunnlaget for planstrategien ovanfor, desse gjeld og for samfunnsdelen. Mange av satsingsområda for samfunnsdelen vil, når dei blir konkretisert med tiltak, få arealkonsekvensar. Vi rår difor kommunen til å utarbeide ein overordna arealstrategi i samfunnsdelen. Det er elles positivt at økonomiplanen utgjer handlingsdelen til kommuneplanen.

Medverknad er godt omtalt, men ikkje tidfesta. Vi minner om at eit av føremåla med planprogram er at folk skal kunne sjå kva tid dei kan engasjere seg og delta i prosessen. Planprogrammet skal i følgje lova gjere greie for planprosessen med fristar og deltakarar.

Kommuneplanens arealdel

Kommunen legg opp til å revidere arealdelen etter at samfunnsdelen er oppdatert, dette er positivt. Gjennom arealdelarbeidet vil kommunen følgje opp prinsippa om planvask og har som ambisjon å bli arealnøytral. Kommunen peiker på heilskapleg arealstrategi og arealrekneskap som verktøy for å få dette til. Vi sluttar oss til dette.

Andre kommunale planar

Områdereguleringsplan for Vågåmo er eit omfattande og ressurskrevjande arbeid. Planen følgjer opp viktige satsingsområde i kommuneplanen og er etter vår vurdering viktig å prioritere. Planoversikta legg elles opp til god revideringstakt for ei rekke andre sentrale planarbeid.

Regional samhandling og omstilling

Vågå kommune deltek i mange regionale og interkommunale samarbeid som også kan bli utvida i løpet av planperioden. Det er positivt at det er igangsett eit omfattande omstillings- og endringsarbeid og at planstrategien gjer greie for dette.

Vi ønskjer kommunen lykke til med det vidare planarbeidet."

Kommentar

Når det gjeld innspelet om bustadsosial lov og heilsakapleg risiko og sårbarheitsanalyse så er dette eit tema som det blir arbeidd med i samband med utarbeiding av områdereguleringsplan for Vågåmo. Planprogrammet er oppdatert slik at dette er kort omtalt under overskrifta *Områdereguleringsplan for Vågåmo*.

Når det gjeld innspelt om den geopolitiske situasjonen og kva for verknad den får for kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap så blir det arbeidd med dette i regionen og i kommunen. Dette er kort omtalt under overskrifta *Konklusjon*.

Planprogram for revisjon av kommuneplanens samfunnsdel er oppdatert slik at medverknad og informasjon er tidfesta gjennom tabell som gjer greie for planprosessen med fristar og deltakarar.

Vurdering:

Kommunedirektøren viser til dei innkomne uttalene og legg til grunn at planstrategien bygger på eit godt fagleg grunnlag og har fornuftige mål og strategiar som gjev rammar og retning for den kommunale planlegginga dei neste fire åra. Det er berre gjort mindre endringar i planstrategidokumentet etter høyring. Desse endringane er skildra under punktet *Kommentar* under innspelet frå Statsforvalteren i Innlandet. Planprogram for revidering av samfunnsdel er oppdatert slik at medverknad og informasjon er tidfesta gjennom tabell som gjer greie for planprosessen med fristar og deltakarar.

Kommunedirektøren meiner kommunal planstrategi for 2024-2028 er klar for sluttbehandling og planprogram for revidering av kommuneplanens samfunnsdel 2017-2027 er klar for fastsetting.

Kommunedirektøren si innstilling:

Med heimel i plan- og bygningsloven § 10-1 blir kommunal planstrategi for Vågå kommune 2024-2028 godkjend.

Med heimel i plan- og bygningsloven § 4-1 og § 11-13 blir framlagt forslag til planprogram for revisjon av kommuneplanens samfunnsdel 2017-2027 fastsett.

Kommunestyret si behandling av sak 101/2024 i møte den 12.12.2024:

Behandling

Samråystes

Vedtak

Med heimel i plan- og bygningsloven § 10-1 blir kommunal planstrategi for Vågå kommune 2024-2028 godkjend.

Med heimel i plan- og bygningsloven § 4-1 og § 11-13 blir framlagt forslag til planprogram for revisjon av kommuneplanens samfunnsdel 2017-2027 fastsett.